

Møteinkalling Oppdatert

Utval: **Jostedalsbreen nasjonalparkstyre**

Møtestad: Sogndal Lodge, Sogndal

Dato: 02.12.2016

Tidspunkt: 10:00

Velkommen til det åttande, og truleg det siste møtet i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre for 2016.

Møtestaden denne gongen er i Sogndal Lodge. Sjå etter ein elvekajakk langs Allmenningen i Sogndalsfjøra, der er møtestaden. Adressa er Allmenningen 10. Vi har utfordra dagleg leiar, Sigrid Henjum, til å fortelje litt om turane som dei arrangerer i nasjonalparken, og kva dei besökande etterspør. Vi får varm lunsj.

Eventuelt forfall må meldast snarast til forvaltaren. Frå Stryn kommune og frå Førde kommune møter vararepresentantane denne gongen. Andre vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Dette er den oppdaterte møteinkallinga, som også inkluderer klagesaka.

Vel møtt til Sogndal!

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 44/16	Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 45/16	Godkjenning av innkalling og dagsorden Orienterings- og drøftingssakar		
ST 46/16	Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til motorisert ferdslle for hydrologiske undersøkingar 2017 - 2020 - NVE		2011/4628
ST 47/16	Jostedalsbreen nasjonalpark - prosjekt utmarksparkering for vinterfriluftsliv - Jølster kommune		2016/4073
ST 48/16	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - drift av styret og årsplan for 2017		2014/42
ST 49/16	Jostedalsbreen nasjonalpark - vedtak om oppstart av arbeid med besøksstrategi		2016/4095
ST 50/16	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - tiltaksplan og bestilling av tenester frå SNO for 2017		2016/4136
ST 51/16	Eventuelt		
ST 52/16	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre–klagesak-ny DNT-hytte på Sunndalssetra		2016/641

Orienterings- og drøftingssaker:

- Oppsummering av nasjonalparkkonferansen i Trondhjem 8.-9. nov.
<http://www.miljodirektoratet.no/no/Nyheter/Arrangementer/Nasjonalparkkonferansen-2016/>
- Brev frå Miljødirektoratet om delegering av mynde til nasjonalparkstyret for retting, m.m.
- Ny vegleiar frå Miljødirektoratet: Oppfølging av ulovlige tiltak i verneområder
- Referat frå møte i Stardalen om uløyvde tiltak
- Utsett klagefrist gangveg i Briksdalen: synfaring den 8. desember, ny og utsett klagefrist går ut den 14. desember.
- SNO årsrapport
- Miljøerstatningssakar- status, SNO

ST 44/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 45/16 Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll

Arkivsaksnr: 2011/4628-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 15.11.2016

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	46/16	02.12.2016

Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til motorisert ferdsle for hydrologiske undersøkingar 2017 - 2020 - NVE

Innstilling frå forvaltaren

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjev, med heimel i punkt 4.3, tredje strekpunkt, i verneforskrifta, løyve til NVE v/ Bjarne Kjøllmoen for løyve til å nytte helikopter og snøscooter i avgrensa omfang, for å utføre feltarbeid i samband med oppdragsrelaterte og forskningsmessige hydrologiske undersøkingar, i perioden 2017-2020.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld bruk av snøscooter, samt flyging med helikopter lågare enn 300 m over bakken, og landing på og ved Austdalsbreen, Baklibreen og Brimkjelen, i samband med NVE sine forskingsoppgåver.
- Motorferdsla avgrensar seg til det som er strengt naudsynt for å gjennomføre dei konsesjonspålagde forskingsoppgåvene på ein tilfredstillande måte, medrekna pårekneleg stell og vedlikehald av materiellet. Arbeidet skal planleggjast og samordnast slik at trøngen for motortransport vert minst mogleg.
- I den grad det let seg gjere, skal køyringa avgrense seg til tider og trasear der det skapar minst mogleg uro, og slik at faren for terrengskade vert minst mogleg. Ved bruk av snøskuter skal ein så langt som mogleg følgje same rute slik at synlege snøskutersport dekkjer minst mogleg areal.
- Motorferdsel så langt som rå er vert unngått i helgane (fredag ettermiddag – søndag kveld) og i fellesferien i juli. Dispensasjonane for motorferdsel gjeld ikkje dei store utfartsdagane i mai og juni (kring 1. mai, 17.mai, Kr. Himmelfartsdag og pinse).

- NVE skal rydde opp etter eigne aktivitetar, slik at det ikkje ligg avfall, emballasje eller anna att i terrenget. Dersom målestasjonar etc. blir tekne ned, skal plassen ryddast for det som måtte vere att av restar.
- Det vert gjeve skriftleg eller munnleg melding til Statens naturoppsyn Jostedalsbreen v/Anne Rudsengen eller sekretariatet for nasjonalparken (underteikna) seinast dagen før utreise, som kan utsette den motoriserte ferdsla dersom det er omsynskrevjande artar i aktivitetsområdet.
- Det vert gjeve skriftleg tilbakemelding til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre etter kvar tur, gjerne med generelle observasjonar av dyreliv e.a. frå områda.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Søknad frå NVE datert 9. mai 2016.
- Tidlegare løyve.
- Verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Naturmangfoldlova

Søknaden:

Søknaden er sendt den 9. mai 2016 og signert NVE v/ Bjarne Kjøllmoen. NVE og forvaltar har også hatt telefonkontakt. Søknaden gjeld fornying av ein eittårig dispensasjon gitt til NVE av nasjonalparksekretariatet, i delegert sak DS-3/2016 den 10.05.2016. Den vart handsama som eit eittårig løyve og vart såleis handsama delegert av nasjonalparkforvaltaren som ein hastesak for inneverande år 2016. For fornying av løyvet for fire nye år, må Jostedalsbreen nasjonalparkstyre avgjere saka. I e-post datert 1.11.2016 ønskjer NVE at den eittårlige dispensasjonen vert utvida av styret for fire nye år, frå 2017 til 2010.

Søknaden frå Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) gjeld utføring av feltarbeid i samband med glasiologiske undersøkingar på Nigardsbreen, Austdalsbreen, Baklibreen, Stegholtbreen og Tunsbergdalsbreen (Brimkjelen). Undersøkingane omfattar måling av massebalanse, frontposisjonsendringar, brerørsle og klimaparametrar, måling og observasjon av faren for isras, og fotografering for å kunne dokumentere eventuelle endringar i bresjøen i Brimkjelen. For å gjere undersøkingane må NVE nytte helikopter (lågtflyging og landing) ved Nigardsbreen, Austdalsbreen, Baklibreen og Brimkjelen, og nytte snøskuter på Nigardsbreen og Austdalsbreen. NVE har også midlertidige og meir permanente måleinstrument, i fjell på og ved breane. Feltarbeidet skal gjerast i januar/februar (1-2 dagar), april-mai (3-6 dagar), juli/august (2-4 dagar) og i september/oktober (2-3 dagar).

NVE har hatt femårig løyve til denne aktiviteten i fleire periodar, seinast for perioden 2012-2015. Dei fekk eit eittårig løyve for 2016. NVE skriv vidare at bak søknaden ligg forståing for at all verksemد og ferdsle som er nemnt i søknaden skal gå føre seg på ein mest mogleg skånsam måte. Søknaden omfattar også aktivitet i Nigardsbreen naturreservat. Den delen av søknaden er under myndet til Luster kommune, og må avgjeraast der.

Lovgrunnlag:

Motorferdsle er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Det er likevel opning i dispensasjonsheimelen i verneforskrifta (pkt. IV, 4.3) for motorferdsel i samband med vitskaplege granskinger etter oppdrag frå granskingsinstitusjon (verneforskrifta § IV, pkt. 4.3).

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerala korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

NVE sine undersøkingar gjeld for ein stor del konsesjonspålagde undersøkingar. Målingane har stor vitskapleg interesse, m.a. i internasjonal klimasamanheng. Rundt Jostedalsbreen er det mange brearmar, som inntil nokre år etter tusenårsskiftet var av dei få i verda som gjekk fram. Dei siste åra har fleire av brearmane gått sterkt tilbake. Målingane på og framfor brearmane har i verdssamanheng ei lang historie, på Nigardsbreen allereie frå 1962. Forvalningsstyresmakta har også nytte av resultata frå NVE sine undersøkingar.

NVE har på visse vilkår i fleire omgangar hatt fire-femårige løyve til motorferdsel i nasjonalparken. Fylkesmannen, som tidligare forvalningsstyresmakt, har vore godt nøgd med samarbeidet og måten løyvet har blitt følgt opp, m.a. ved at kunnskap med bakgrunn i NVE sine undersøkingar som er relevante for forvaltninga, vert stilt til rådvelde for forvalningsstyresmakta. Forskingsarbeidet til NVE er også vurdert som viktig i forvalningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark.

Kunnskapen om naturmangfaldet er henta frå forvalningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark og miljostatus.no (artar på raudlista, prioriterte artar, viktige naturtypar, utvalde naturtypar og villreinområde). Områda består av bre, og område nære bre med lite vegetasjon. Den raudlista arten jerv er registrert i området, men er nok berre eit streifdyr i Jostedalen. Austdalsbreen er del av leveområdet til villreinen i Ottadalen villreinområde, og eit viktig trekkområde passerer over Austdalsbreen.

Tiltaka vil isolert sett ha liten effekt på natur- og kulturlandskapet. Den motoriserte ferdsla kan påverke villreinen i området, men nasjonalparkforvaltaren meiner det kan setjast vilkår for eit eventuelt løyve som reduserer den negative påverknaden.

Nasjonalparkforvaltaren kjenner til at NVE har ein fast stasjon ved Steinmannen. NVE har tidlegare sendt over kart over ruter og måleinstrument i verneområdet.

Nasjonalparkforvaltaren legg vidare til grunn at tiltaka i liten grad vil påverke trua, nær trua eller verdifullt naturmangfald som er omfatta av verneføremålet, og at kunnskapen som ligg til grunn for behandling av søknaden er i samsvar med krava i naturmangfaldlova § 8.

Av omsyn til villreinen meiner nasjonalparkforvaltaren at det bør setjast vilkår om at aktivitet på Austdalsbreen kan utsetjast til eit seinare tidspunkt dersom det er kjent at det er villrein i området som kan bli uroa av aktiviteten til NVE, jamfør naturmangfaldlova § 12. NVE bør difor varsle forvaltninga eller Statens naturoppsyn

Jostedalsbreen v/Anne Rudsengen seinast dagen før. Forvaltninga bør kunne påleggje NVE å utsetje turen til villreinen ikkje lenger er i området. Nasjonalparkforvaltaren er ikkje kjend med konkrete framtidige tiltak som kan påverke samla belastning.

Nasjonalparkforvaltaren meiner difor at samla belastning av tiltaket, eksisterande tiltak og moglege framtidige tiltak er akseptabel. Etter nasjonalparkforvaltaren sin oppfatning ligg det føre tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet og kva effektar tiltaket vil ha på dette mangfaldet. Føre-var-prinsippet får difor liten vekt i saka, jf. naturmangfaldlova § 9. Av omsyn til folk som ferdast i området, bør det setjast vilkår om at den motoriserte ferdsela skal avgrensast til det som er strengt naudsynt, og føre til minst mogleg uro.

NVE bør unngå motorisert ferdsel i helgene, og det bør ikkje gis dispensasjon til motorisert ferdsel i dei store utfartsdagane i mai og juni (kring 1. mai, 17. mai, Kr. Himmelfartsdag og pinse).

Med vilkåra over vurderer nasjonalparkforvaltaren tiltaka isolert sett til ikkje å vere i strid med verneføremålet, og vilkåret i fyrste avsnitt i naturmangfaldlova § 48 er difor oppfylt.

Arkivsaksnr: 2016/4073-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 17.11.2016

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	47/16	02.12.2016

Jostedalsbreen nasjonalpark - prosjekt utmarksparkering for vinterfriluftsliv - Jølster kommune

Innstilling frå forvaltaren

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre støtter prosjektet til Jølster kommune med tilrettelegging av parkeringsplassar og oppsetting av informasjon i populære utfartsområde nær Jostedalsbreen nasjonalpark på vinterstid, med restmidlar frå bestillingsdialogen 2016.

Nasjonalparkstyret vurderer i styremøtet kor mykje av restmidlane som eventuelt skal omdisponerast.

Saksopplysningar


Bakgrunn

Jølster kommune har sett i gong eit prosjekt med betre tilrettelegging for toppturar vinter/vår i Jølster. Dei vil sørge for at det blir lagt til rette med (betre) parkering ved starten av dei mest populære toppturane, med god og tilpassa informasjon. Særleg skal dette rettast mot turmål som er populære mål for toppturar på ski om vinteren og våren.

Interessa for toppturar på ski har auka veldig dei siste åra. Når det mykje snø og høge brøytekantar ved ein del av dei mest populære utfartsområda er det ikkje nok kapasitet til parkering for turgåarane. Det fører igjen til villparkering som er til hinder for trafikk (særleg bussar og lastebilar) og som kan føre til vanskar for grunneigarar.

Jølster kommune har derfor sett i gong dette prosjektet, der kommunalsjefen i Jølster, Thor Ove Farsund, er prosjektansvarleg/eigar, og naturforvaltar i kommunen, Solfrid Trå, er prosjekteiar. Referansegruppa har deltakarar frå eit breitt utval av aktørar i Sunnfjord, t.d. Bondelaget, turlaget, frivilligsentralen og Toppturboka Sunnfjord. Dei har identifisert dei stadane kor behov og utfordringar er størst, og har laga ei grundig prosjektskildring for dei ni viktigaste stadene. Dei jobbar no med finansieringa, og er i startfasen med bygging av dei første parkeringsplassane. Målet er å være ferdige ila hausten 2017.

Kommunen ynskjer at Jostedalsbreen nasjonalparkstyre bidreg med midlar til prosjektet, saman med kommunen og andre. Naustdal-Gjengedal verneområdestyre har bidrige med kr 150 000,- til prosjektet, og Sogn og Fjordane Fylkeskommune har bidrige med kr 250 000,-



Kart over dei ni utfartsparkeringane som prosjektgruppa i Jølster har plukka ut. Dei to blå ringane er dei to aktuelle for Jostedalsbreen å vurdere støtte til.

Det er spesielt to område som er aktuelle for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre, nemleg Stardalen v/ Haugadalen og Dvergsdalsdalen v/ Leitet (skihytta). Ved utgangspunktet i Stardalen, på Høyset, er det både toppturar til Snønipa og Hanekammen i nasjonalparken som har auka veldig i popularitet dei siste åra, i tillegg til utfart til breen generelt. Før opparbeiding er det plass til 3-4 bilar, etter opparbeiding blir det plass til opp mot 10 bilar. Kalkulert kostnad er 40 000,- jf. prosjektskildringa.

I Dvergsdalen er det populært å parkere for m.a. å gå til Grovabreen på vårskitur. På Leitet v/skihytta er kommunen grunneigar, og dette er eit statleg sikra friluftsområde. Delar av plassen blir brøyta, men kunne ha blitt utvida og utjamna for å auke parkeringskapasiteten. Før planlagt opparbeiding er det plass til 15-20 bilar, etter planlagt opparbeiding vil det bli plass til 20 – 30 bilar. Estimert kostnad er, jf. prosjektskildringa, 112 000,-

Det er meinингa at parkeringsplassane skal drifte seg sjølv økonomisk ved å ta parkeringsavgifter. Parkeringsavgiftene skal finansiere brøyting og anna vedlikehald. Betalinga kan utførast via SMS eller liknande.

Prosjektet skal også inkludere oppsetting av informasjonsskilt. Skilta i Dvergsdalen skal innehalde informasjon om villreinen i Grovabre-området, med oppmoding til turgåarar å ta omsyn. Det er Siri W. Bøthun i Bøthun Naturforvaltning (som også utgjer sekretariatet for villreinnemnda i Sogn og Fjordane) som skal bidra med tekst.

Vurdering

Bygging av parkeringsplassar er ein type tiltak som er innanfor postformålet i Statsbudsjettet. Parkeringsplassar i innfallsportane og i samband med populære turmål er viktige og gode tiltak. Både for å legge til rette for turfolk, men og for å unngå parkering som er til hinder og sjenanse for andre. Det er positivt at Jølster kommune har tatt tak i dette.

Nasjonalparkforvaltaren har, saman med i verneområdeforvaltaren for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet, hatt møte med Jølster kommune og Sunnfjord Næringsutvikling og fått presentert prosjektet. Prosjektet verkar gjennomarbeida og godt. Toppturboka Sunnfjord er under utarbeiding, og er planlagt lansert i løpet av eit år eller to. Då er det bra å være i forkant, slik at ei vidare auke i besøkande vil kunne bli handsama av betre infrastruktur.

Nasjonalparkforvaltaren har vore i kontakt med Siri W. Bøthun. Fordi det er villrein på Grovabreen stiller nasjonalparkforvaltaren spørsmål om det er rett å leggje til rette for meir parkering for folk i nærleiken av villreinområdet. I dialogen med villreinnemnda trakk vi slutningar om at folk ønskjer å gå på vårskitur på Grovabreen uansett om parkeringstilhøva er gode eller dårlige. Ved at parkeringa blir meir «ordna» på ein stad vil vi kunne nå ut til fleire med eit skilt med god informasjon om omsynet til villreinen. Dette vil såleis kunne ha ein positiv effekt. Nasjonalparken er også invitert til å bidra med tekst om verneområdet. Til besøksstrategien treng vi meir informasjon om dei besøkande i dette området, og med ordna parkeringsforhold kan vi få informasjon frå parkeringsavgiftsordninga.

Kommunen inviterer Jostedalsbreen nasjonalparkstyre til å bidra i finansieringa av prosjektet, med støtte frå tiltaksmidlane som nasjonalparken får over bestillingsdialogen. Dette er for øvrig eit prosjekt som kunne ha gått «rett inn» i besøksstrategien til nasjonalparkstyret.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har ikkje sett opp desse parkeringsplassane på tiltaksplanen og dei er derfor heller ikkje på lista over tiltak som har fått tildelt midlar over årets bestillingsdialog. Det er likevel veldig gode tiltak som gjerne kunne blitt prioritert og tildelt midlar dersom dei hadde vorte meldt inn til bestillingsdialogen. Slik det ser ut per vil vi og kunne få ein del restmidlar no i 2016, og nokre av desse kan kanskje omdisponerast til parkeringsplassane i utfartsområda til Jostedalsbreen nasjonalpark.

Arkivsaksnr: 2014/42-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 18.11.2016

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	48/16	02.12.2016

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - drift av styret og årsplan for 2017

Innstilling frå forvaltaren

Nasjonalparkstyret skal møte jamnleg i 2017 for å arbeide vidare med forvaltningsplanen, besøksstrategien og gjere vedtak i dispensasjonssaker.

Styret kan sikte på følgjande årshjul:

Feb./Mars:	Styremøte	Oppstryn/Nasjonalp.senter
April/Mai:	Styremøte	
Juni:	Styremøte med overnatting/synfaring	Jostedal/Breheimsenteret
Sept:	Styremøte med overnatting/synfaring?	
Okt:	Styremøte/dialogmøte med FRU	Stardalen
Nov./Des:	Styremøte	Sogndal

Fleire møte er avhengig av om viktige, store hastesaker dukkar opp som treng heile styret sin vurdering. Dersom det ikkje er saker til dei planlagde styremøta kan eit møte ev avlysast/utsettast.

Forvaltar legg fram framlegg til driftsbudsjett under styremøtet. Forvaltar får også mynde til å gjere ev justeringar i samråd med Fylkesmannen, jf. brevet frå Miljødirektoratet. Søknaden om midlar skal være sendt innan fristen 9. januar.

Saksopplysningar

Jamfør vedtektena *bør styret tre saman minst fire gonger kvart år og elles når leiaren bestemmer* (punkt 7). Disse fire gongene er uavhengig av kor mange gonger AU trer

saman. Mellom 2011 og 2015 hadde nasjonalparkstyret møte mellom fire og seks gonger i året. Ny rekord er sett i år med 8 møte! Det har ikkje vore AU-møte i Jostedalsbreen nasjonalpark i år.

Miljødirektoratet løvde kr 240 000,- til drifta av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre for inneverande år, 2016. Styret fekk den same summen som vi hadde omsøkt til drifta. Dette har inkludert både utgifter til møte, kompetanseprogram, synfaringar, reise- og møtegodtgjersle, samt utgifter til drift av Fagleg rådgjevande utval (møteutgifter og reisegodtgjersle). Etter styremøtet den 2. desember reknar nasjonalparkforvaltar at summen på 240 000,- er oppbrukt.

Styret fekk også kr 50 000,- til forvaltningsplanarbeid. Der er det att 13 000,-

I brev frå Miljødirektoratet datert den 27.10.16 vert nasjonalparkstyret invitert til å søkje om midlar til drift for neste år. I brevet står det:

Ved søknad om midler til drift av nasjonalpark- og verneområdestyrene må det settes opp et budsjett som viser forventede utgifter til reise- og møtegodtgjøring for medlemmer av styrene, samt evt. reiseutgifter for medlemmer av rådgivende utvalg.

Ved søknad om midler til dekking av utgifter i forbindelse med utarbeiding av forvaltningsplaner, besøksstrategier og skjøtselsplaner, kan det søkes om midler til utgifter som nødvendige kartlegginger og medvirkningsprosesser (møter).

(...) Det forutsettes at nasjonalpark-/verneområdestyrene og fylkesmennene setter opp forslag til budsjett i samarbeid. Fylkesmannen sender samlet budsjettforslag til Miljødirektoratet på vegne av alle styrene de fører regnskap for i eget fylke.

Forvaltar legg fram framlegg til budsjett for drift av styret og forvaltningsplanarbeidet under møtet. Frist for søknad om midlar til dette føremålet er 9. januar.

Vurdering

Styret er veldig interessert i å komme seg ut og sjå på tiltak og prosjekt i nasjonalparken. Styret bør få til minst eitt slikt møte med synfaring i løpet av sommarsesongen, kanskje to. Den beste sesongen for å sjå på tiltak i felt i nasjonalparken er mellom juni og september/oktober, avhengig av snømengde og mål for synfaringa. I forslag til innstilling er det foreslått juni og september. Det går også an å invitere varamedlemmer og/eller Fagleg rådgjevande utval til eit slikt møte/synfaring for å drøfte større saker, som t.d. forvaltningsplanen og besøksstrategi.

Erfaringsmessig tek det tid å komme seg ut i nasjonalparken. Det er ofte langt for enkelte styremedlem å komme seg til ein møtestad, og mange høgdemeter inn i verneområdet. Dersom ein t.d. held styremøte ein ettermiddag/kveld, overnattar og tar ein synfaring dagen etter, vil ein kunne rekkje lenger og høgare. I 2016 hadde styret eitt slikt opplegg, med møte ettermiddag/kveld i Loen, og deretter synfaring langs Skålastien og tånet, samt den nybygde Skålabu, som styret gav løyve til.

I Jostedalen vert det arrangert Brefestival 13.-14. el 14.-15. juni i år. Breheimsenteret har teke initiativ til eit felles møtepunkt for dei tre styra Jostedalsbreen, Breheimen og Jotunheimen under denne festivalen. Dagleg leiar på Breheimsenteret skal ha eit møte med dei tre nasjonalparkforvaltarane ila desember, der vi begynner planlegginga. Eit kombinert styremøte med seminar og overnatting/synfaring er aktuelt.

Nasjonalparkstyret har også ønskja å kombinere eitt styremøte i løpet av året med å treffe Fagleg rådgjevande utval. Dei siste tre åra har det vore slike fellesmøte i Stardalen i oktober. To viktige møtetidspunkt for nasjonalparkstyret kvart år er i mars og i november/ desember. Då er det planlegging av tiltak i inneverande/neste år i nasjonalparken. Dersom det kun er enkle saker som skal handsamast kan leiar, i samråd med forvaltar, vurdere om det er mest omsynsmessig å ta eit telefonmøte i staden for eitt av dei planlagde (fysiske) møta.

Første styremøte for 2017 har tidlegare vore foreslått å være den 27. februar.

Arkivsaksnr: 2016/4095-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 16.11.2016

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	49/16	02.12.2016

Jostedalsbreen nasjonalpark - vedtak om oppstart av arbeid med besøksstrategi

Innstilling frå forvaltaren

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vedtek å starte opp arbeidet med ein besøksstrategi for nasjonalparken. Nasjonalparkforvaltaren skal lage ein prosjektplan til neste styremøte.

Saksopplysningar

Klima- og miljødepartementet har sett krav til at alle større verneområde skal ha ein vedteken besøksstrategi innan utgongen av år 2020. Ein besøksstrategi er ein plan for korleis forvaltningsmyndet vil gjennomføre besøksforvaltninga for eit verneområde, og vise kva tiltak, som til dømes informasjon, tilrettelegging m.m. som er naudsynt for å balansere verneverdiar, besøkande og lokal verdiskaping. Strategien skal bidra til å oppnå størst mogeleg nytte for alle disse tre interessene. I vedtekten til nasjonalparkstyret er det lagt vekt på dette i punkt 8.2:

Styret kan som forvalningsstyresmakt leggje til rette for at verneområdet sitt potensial for verdiskaping utnyttast innafor ramma av verneforskrifta og naturmangfaldlova. Dette skal skje gjennom konkrete forvaltings- og skjøtselstiltak, fortrinnsvis i tråd med den delen av forvaltingsplanen som omhandlar besøksstrategi. Styret skal ikkje opptre som næringsaktør, men bør i denne samanhengen innleie til eit samarbeid med lokalt reiseliv/øvrig reiseliv, samt det autoriserte besøkssenteret.

Ein prosjektplan er viktig for å sikre framdrifta for eit slikt arbeid, og for å ha klare mål med prosessen med ein besøksstrategi. Direktoratet har laga ein vegleiar for arbeid med besøksstrategiar, med ein skildring av kva prosjektplanen bør innehalde:

EKSEMPEL PÅ INNHOLD I EN PROSJEKTPLAN:

1. Målsetting og forventning til prosjektet
2. Beskrivelse av hva en besøksstrategi er
3. Beskrive målgruppen for besøksstrategien
4. Beskrivelse av prosjektets organisering
5. Beskrivelse av ulike roller i prosjektet
 - 5.1 Beskrivelse av prosjektleaderrollen
 - 5.2 Beskrivelse av kompetansebehov
6. Mandat for prosjektgruppa
7. Tidsplan og milepælsplan for delmål underveis i prosjektet
8. Budsjett for hele prosjektperioden
9. Kort beskrivelse av videre arbeid

Vurdering

Jostedalsbreen nasjonalpark har ein pågåande prosess med revidering av forvaltningsplanen. Den er framleis i skrivefasen. Dette er ei vurdering som styret bør ta, om disse to prosessane kan gå parallelt, om forvaltningsplanarbeidet bør prioriterast, eller om besøksstrategiarbeidet skal prioriterast. Flaskehalsen er kapasiteten til sekretariatet, særleg i periodar med mange og/eller kompliserte dispensasjonssaker og igangsetting/oppfølging av tiltak i felt med kompliserte anbodsprosessar. Styret bør signalisere til sekretariatet kva som bør prioriterast framover.

Med utarbeiding av ein prosjektplan til neste styremøte (1-2017) kan nasjonalparkstyret få ein betre oversikt over kva som skal gjerast til kva tid. Ein prosjektplan inneheld spørsmål om det er behov for supplerande kartleggingar eller anna kunnskapsinnhenting, som også kan komme forvaltningsplanen til gode. Nokre verneområde i landet køyrer dei to prosessane parallelt, sjølv om det kan være meir krevjande. Miljødirektoratet seier at arbeidet besøksstrategien ikkje skal gå utover arbeidet med forvaltningsplanen.

Arkivsaksnr: 2016/4136-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 21.11.2016

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	50/16	02.12.2016

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - tiltaksplan og bestilling av tenester frå SNO for 2017

Innstilling frå forvaltaren

Saka vert lagt fram til drøfting i styremøtet.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Rammer og opplegg for verneområdestyrer. Innmelding og behov for tiltaksmidlar og bestilling av tjenester av SNO – 2017. Miljødirektoratet 09.11.2016
- Strategi for bruk av midlar til tiltak i verneområder 2015-2020
- Opplegg for gjennomføring av bestillingsmøtene
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Tiltaksplan for Jostedalsbreen nasjonalpark 2014 - 2017, sist revidert 23.11.2015
- Rapport frå SNO om utført arbeid i 2016

Strategi for bruk av midlar til tiltak i verneområde legg føringar for bruk av tiltaksmidlar; «*Gjennomføring av konkrete, praktiske tiltak i verneområdene er en del av forvaltningen av verneområdene og skal saman med praktisering av verneforskriften og annet arbeid bidra til å oppnå disse målsettingene*». Verneområda skal forvaltast på ein måte som byggjer opp under verneformåla slik at verneverdiene ikkje vert reduserte eller vert øydelagde. Økosystema skal takast vare på for framtidige opplevingar og for verdiskaping i utmarkskommunane.

Nasjonalparkstyra skal utarbeide fleirårige tiltaksplanar, som fell inn under omgrepet «andre styrande dokument» i postføremålet i statsbudsjettet. Det bør være ei årleg evaluering av tiltaksplanen. Tiltaka skal være forankra i forvaltningsplanen for nasjonalparken. Fagleg rådgjevande utval (FRU) for Jostedalsbreen og SNO må være med og gje innspel i utarbeidninga av tiltaksplanen.

Tiltaksplanen er grunnlaget for bestillingsdialogen med SNO og innmelding av behov for tiltaksmidlar for 2017 til Miljødirektoratet. Tiltaksmidlane er statlege investeringsmidlar, jf. budsjettpost 1420.31, og kan gå til tiltak som er naudsynt for å ivareta verneføremålet. Tiltaka kan være informasjon, skjøtsel, tilrettelegging og kjøp av naudsynt utstyr for å gjennomføre tiltaka. Forvalningsstyresmakta skal sjølv disponere og prioritere kven som skal gjennomføra tiltaka. SNO sine oppgåver og aktivitetar i verneområda skal samordnast med tildelinga av midlar til tiltak i verneområda for å få ein effektiv bruk av dei samla ressursane til tiltak i verneområda.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har brukt å revidere tiltaksplanen årleg. I bestillingsdialogen med SNO skal styret drøfte ynskje om bistand/ressursbruk frå SNO til eventuelle prosjekt, kartlegging og tiltak, i tillegg til kjerneoppgåvene, som mellom anna er oppsyn og overvakning av naturtilstand.

Alle tiltak skal meldast inn som netto beløp, altså utan mva. Frist for innmelding til bestillingsdialogen til Miljødirektoratet er 10. januar 2017.

Vurdering

Forvaltar legg fram forslag til tiltaksplan for 2017 på bakgrunn av innspel og diskusjonar i FRU og styret ila hausten 2016. Tiltaka er i tillegg vurdert på bakgrunn av dialog med SNO, og framlegg til nye tiltak frå grunneigarar og andre. Styret må gå gjennom innspela og prioritere tiltaka.

Miljødirektoratet har gjeve føringar for arbeidet i 2017, og for aktiviteten i og randområda til Jostedalsbreen nasjonalpark vil følgjande være aktuelt kommande år:

Besøksstrategi

Alle verneområde skal ha levert ein besøksstrategi innan utgongen av 2020. Arbeidet må difor komme i gang snarast mogleg. Forvaltar legg fram sak for nasjonalparkstyret om oppstart av besøksstrategien i 2017. Det må vurderast behov for kartlegging av naturverdiar og kartlegging av besøk og reiseliv. Dette vil bli omtalt i prosjektplenen som blir lagt fram for styret i første møte i 2017.

Merkevare

Alle tiltak som skal setjast i verk skal vera i samsvar med den nye merkevarestrategien.

Kartlegging og overvakning

Verneverdiane skal liggja til grunn i kvar besøksstrategi. Det er difor viktig at det blir henta inn informasjon om nettopp naturverdiane som fyrste del i besøksstrategien.

Løveskilt

Vi skal melde inn til direktoratet kor mange vernegrenseskilt (også omtalt som «løveskilt») som vi totalt sett har behov for i nasjonalparken. Kvart år skiftar SNO ut skilt som anten er øydelagde, er slitte, eller har blitt borte.

Andre prioriteringar

Strategi for bruk av tiltaksmidlar gjev føringar for prioritering av tiltaka i verneområda. «*Det overordna målet er at tiltaksmidlane skal brukast slik at naturtilstanden i verneområdene bedres*». For Jostedalsbreen er det kanskje skjøtselstiltak, men endå meir tilretteleggingstiltak, som er aktuelle. Trong for midlar til vedlikehald av informasjonsmateriell, skilting m.m. kan meldast inn i tillegg. All informasjon om verneområda som vert finansiert med tiltaksmidlar skal vera i tråd med ny merkevare for verneområde. For alle tiltaka skal det leggjast vekt på; kostnadseffektivitet, samfinansiering med andre aktørar, prosjekt som involvera/drivast med dugnadsinnsats av grunneigarar, frivillige lag og foreiningar. Det står i føringane frå direktoratet at dette skal være i tråd med besøksstrategien.

Ut frå erfaringar med tiltak i verneområda er det gjeve føringar på at større tiltak skal ha planavklaringar før tiltaka vert meldt inn. Det kan tildelast tiltaksmidlar til forprosjektering, slik vi fikk til dei to driftevegene. Det kan brukast tiltaksmidlar på tiltak utanfor verneområde der tiltak både innafor og utafor verneområde er viktig for å ta vare på verneverdiane. Sjå vedlegga til saka for utfyllande informasjon.

Det er komme mange innspel til aktuelle tiltak for 2017. Dei fleste av disse vart oppsummert på FRU-møtet, der styret deltok. Nokre innspel har komme i ettertid.

I tillegg treng vi auka kunnskap om besökande på fleire stader i nasjonalparken, og foreslår å setje opp ferdselsteljar på stader stader som t.d.: Kamperhamrane, Erdalen, Sunndalen, Tuftebresteinen, Kattanakken, Austerdalen. Dette er litt avhengig av tal teljarar som er tilgjengeleg frå SNO-Sentralt og kapasiteten til å følgje dei opp ila sommaren. I planen har vi lagt inn å ha teljar ved Sjingga (Skålasi) eitt år til.

Meir informasjon om tiltaka blir lagt fram i møtet. Fleire konkrete bestillingar til SNO Jostedalsbreen vil også bli lagt fram på møtet til drøfting.

ST 51/16 Eventuelt

Arkivsaksnr: 2016/641-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 21.11.2016

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	52/16	02.12.2016

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - klagesak - ny DNT-hytte på Sunndalssetra

Innstilling frå forvaltaren

Forvaltar har tidlegare innstilt på avslag i saka, og konklusjonen frå tidlegare vurdering står ved lag.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Klage frå Breheimen – Reinheimen Villreinnemnd, datert den 24.11.2016
- Førespurnad datert den 23.11.2016 frå Breheimen nasjonalparkstyre om utsetting av klagefrist, samt stadfesting frå sekretariatet for Jostedalsbreen om utsetting av klagefrist, datert 23.11.2016
- Klage frå Breheimen – Reinheimen Villreinutval, datert 22.11.2016.
- Klage frå FNF-Sogn og Fjordane, på vegner av NJFF i Sogn og Fjordane, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Turlag og FNF, datert 22.11.2016.
- Artikkel på NRK Sogn og Fjordane: <https://www.nrk.no/sognogfjordane/far-lov-til-a-bygge-turisthytte-i-nasjonalpark-1.13205668>
- Partsrev til DNT-Oot datert den 3.11.2016 med styreprotokoll og saksutgreiing frå møte i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre sitt møte den 31.10.2016.
- Høyringsuttale frå Reinheimen-Breheimen villreinutval signert Knut Granum, datert den 7.10.2016
- Høyringsuttale frå Breheimen nasjonalparkstyre datert den 27.9.2016
- Høyringsuttale frå Reinheimen-Breheimen villreinnemnd v/ Tor Taraldsrud, datert den 20.09.2016

- Høyringsuttale frå Skjåk Almenning v/ Jo Trygve Lyngved, datert 5.9.2016
- Søknad frå DNT Oot v/ Jan Erik Reiten datert den 28.6.2016. Søknaden innehold også vedlegg av ei skisse, planteikningar, statistikk og kart.
- Synfaring den 6.6.2016 med Jostedalsbreen nasjonalparkstyre, DNT Oot og Sunndalssetra sameige, med tilhøyrande møteprotokoll.
- Høyringsuttale frå Sunndalssetra sameige v/ Sverre Guddal, signert den 16.5.2016
- Avgjørelse i klagesak - avslag på søknad om bygging av ny selvbetjent turisthytte på Stølgjerdesætra i Åmotdalen landskapsvernområde, datert 7.3.2016 frå Miljødirektoratet.
- Notat om DNT-hytte på Sunndalssetra v/ Ingolf Folven, signert den 24.2.2016
- Synfaring med Sogn og Fjordane fylkeskommune, DNT Oot, Stryn kommune og Sunndalssetra sameige den 8.10.2015.
- Vedtakssak 4/14 frå møte i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre den 7.4.2014 om remering av stien over Kamperhamrane.
- Oppsummering av synfaring den 8.10.2015 og notat med signal frå forvaltninga.

Det var tre separate klager som kom nasjonalparkforvaltaren i hende innan klagefristen den 24. november, altså tre veker etter at partsbrevet vart sendt ut den 3.11.2016. Breheimen nasjonalparkstyre har i tillegg bedt om utsettning av klagefristen til onsdag den 30. november. Bakgrunnen for å få utsett klagefristen var at Breheimen nasjonalparkstyre har møte mandag den 28. november, og dei ønskja å drøfte saka der. Dersom dei velgjer å klage, vil nasjonalparkforvaltaren orientere om dette i styremøtet for Jostedalsbreen den 2. desember.

Norges jeger- og fiskerforbund i Sogn og Fjordane, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Turlag og Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane skriv alle under på same klagebrev datert den 22. november, på Jostedalsbreen nasjonalparkstyre sitt vedtak om løyve til å bygge ei ny DNT-hytte på Sunndalssetra. I klagen skriv dei m.a. følgjande:

Etter vår oppfatning kan eit ønskje frå DNT om ei hytte på Sunndalssetra ikkje vere ein særskild grunn til dispensasjon frå verneføresegna. (...) I vilkåret om særlege grunnar i pkt. 1.3. ligg det etter vår oppfatning at vanlege ønskje frå DNT om å utvide sitt nett av stiar og hytter ikkje kan vere ein særleg grunn. I saka er det ikkje lagt fram opplysningar som tilseier at det er særskilt viktig for DNT å få bygge ei hytte i Sunndalen. (...) Det kan heller ikkje falle inn under særskilde grunnar at, som styret har vist til i sitt vedtak, ei ny hytte vil styrke tilgangen for ålmenta til området (...)

Vi meiner styret ikkje har grunnlag i vernereglane for å hevde at den hytta som tidlegare var open for ålmenta, er ein særleg grunn til å gje løyve til å bygge ei ny. At denne hytta ikkje lenger er tilgjengeleg for alle, er ikkje ein konsekvens av at landskapet vart ein del av nasjonalparken, men av at eigaren har stengt hytta.

(...) Opplysningane om at Leirdalen er viktig for reinen verkar truverdige, og etter vår oppfatning må omsyn til villreinen vege tungt i saka. Villrein er for Noreg ein ansvarsart med tronge kår i våre fjell, etter mange år med innsnevringer av trekkvegane. Spørsmålet er om den nymerka ruta og ei ny turisthytte vil skape større ferdsel gjennom eit dalføre som langt på veg enno er ein fristad for reinen. Oslo og omegn turistforening har planane klare for å legge om ruter i Breheimen og å bygge ny hytte mellom Sota og Nørstedalssetra. Dei viser til at samfunnet ønskjer meir friluftsliv, og at meir av det må komme i verna område. Dette kan ikkje vere avgjerande. Også DNT må innrette ser etter dei grensene naturen set for

menneskeleg aktivitet. Det har også kome fram, mellom anna gjennom lesarinnlegg i Fjell og Vidde, at ein del fjellvandrarar ønskjer å gå der lite er lagt til rette og få ferdast. Delar av Breheimen har kvalitetar for slike opplevingar, og det er i tråd med vernereglane å ta vare på dei. Vi kjenner ikkje til at kapasiteten av merka ruter og hytter i Breheimen er utnytta i stor grad.

Vi finn det merkeleg dersom DNT vil byggje ei hytte med 12 sengeplassar på Sunndalssetra utan å rekne med eller arbeide for at trafikken går opp. Vi ser det som opplagt at dette vil auke presset på ein liten villreinstamme i eit frå før trøngt leveområde for ein nomadisk art. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har òg sett at omsyn til villreinen kan vere ein grunn til å seie nei. Dei vurderer det som lite sannsynleg at ei ny hytte vil drive opp ferdsla i villreinområda, men har ikkje gjort bruk av argument som støttar denne hypotesen.

Klaga konkluderer på følgjande vis:

Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane turlag og Norges Jeger- og fiskerforbund Sogn og Fjordane meiner at både vernereglane for Jostedalsbreen nasjonalpark og § 48 i nml står i vegen for å gje løyve til ei ny turisthytte på Sunndalssetra. I tillegg meiner vi at omsynet til villreinen i Breheimen-Reinheimen er eit tilleggsargument mot ei ny turisthytte på Sunndalssetra. Dette er i seg sjølv relevant for byggespørsmålet, også fordi den nordaustre delen av Jostedalsbreen nasjonalpark er ein del av arealet reinen nyttar. Vi bed difor om at vedtaket i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 31.10.2016 vert oppheva.

Klaga er underskriven av Norges Jeger- og Fiskerforbund i Sogn og Fjordane v/Geir Haukås, viltansvarleg, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane v/Marit Vøien Nes, leiar og Erik Solheim, fagleg rådgjevar, Sogn og Fjordane Turlag v/Marino Jan Ask, leiar og Ron Overdevest, leiar Naturvernuntnalet, og FNF Sogn og Fjordane v/Elisabeth Dahle, koordinator.

Reinheimen-Breheimen villreinutval klagar også på vedtaket til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre som gjeld bygging av DNT-hytte i nasjonalparken. I klaga, datert den 22. november, skriv utvalet mellom anna følgjande:

Vi henviser videre til vår høringsuttale datert 7.10.2016 - og vil nok en gang understreke at Raudalsområdet (inkludert Merradalsbotn), som ligger like øst for Sunndalssetra, er det viktigste området for den vesle, sårbare villreinstammen i nordvestlige deler av Breheimen.

Nord for Raudalsområdet har vi Stryn Sommerski, Nasjonal turistveg (Fv258), helårsvei (Rv15), Grotli Høyfjellshotell og flere hyttefelter. I sør har vi bla. DNT hyttene Sota sæter og Slæom. Disse destinasjonene omkranser nå Raudalsområdet – og når vi også er kjent med at DNT planlegger remering og markedsføring av sti(er) østover fra Sunndalssetra, mot Raudalen og Breheimen i Skjåk, vil en trolig få større aktivitet og ferdsel i dette viktige leveområdet for villreinen, hvis ny hytte bygges på Sunndalssetra. Raudalen er av de mest urørte og minst besøkte områdene i Skjåk – og, som nevnt, et mye brukt beiteområde for villreinstammen i grenseområdene mellom Skjåk og Stryn. Villreinen er for øvrig et viktig verneobjekt i Breheimen verneområde, så her bør «føre var-prinsippet» gjelde.

Reinheimen-Breheimen villreinutvalg ønsker derfor at DNT Oslo- og Omegn ikke får løyve til å bygge ny hytte på Sunndalsseter, med de negative konsekvenser dette kan få for villreinen i nærområdet.

Klaga er underskrive av Knut Granum, sekretær for villreinutvalet.

Reinheimen-Breheimen villreinnemnd har også klaga på nasjonalparkstyret sitt vedtak. I klaga, datert den 18. november, motteke den 24. november, skriv nemnda følgjande:

Etter vårt syn er ikkje omsyn til villrein tilstrekkeleg ivareteke i denne saka. Det er aktiviteten innover i Rauddalen som er problemet, ikkje sjølve hytta. Men vi veit at aktiviteten ikkje blir mindre med ei ny hytte, spørsmålet er kor mykje større. Sjølv om det er lange dagsetappar over til Skridulaupbu / Slæom, kan dei fort bli populære. Det er viktig at det blir sett vilkår som i stort mogleg grad bidreg til å avgrense ferdsla innover i rauddalen – til dømes:

- *Talet på sengeplassar på DNT-hytte Sunndalssetra*
- *Fjerning av merking på ruta over Kamperhamrane dersom ferdsla her er aukande*
- *Forsikring om at flytting av Skridulaupbu vestover ikkje er aktuelt og at det ikkje blir aktuelt med oppføring av fleire buer i Rauddalen for å gjere dagsetappane kortare*
- *Avgrense / ikkje tillate turar med turleiar og guida turar over Kamperhamrane og inn i Rauddalen*
- *Etablere turnett i området rundt Sunndalssetra for å gjere det attraktivt å gå i dette området framfor å gå turar til Rauddalen*
- *Unngå marknadsføring av ruta over Kamperhamrane og inn i Rauddalen*

I løyvet frå Jostedalsbreen nasjonalparkstyre er det lagt til grunn at DNT-hytta på Sunndalssetra skal bidra til naturopplevelsingar for særleg barn og ungdom med fokus på kortare turar i området med Sunndalssetra som utgangspunkt. Dette er delvis i kontrast med ein uttale frå DNT på nettsidene til NRK Sogn og Fjordane. I ein artikkel om saka frå 2. november uttalte DNT: «Sunndalssetra er eit turmål i seg sjølv. Her ligg det til rette for å fortsetje innover breheimen».

Villreinnemnda er redd for at ruta over Kamperhamrane blir det virkelege trekkplasteret for folk som besøker Sunndalssetra. Dersom dette er tilfelle, burde det ikkje bli gjeve løyve til DNT-hytte ved Sunndalssetra.

Klaga frå villreinnemnda er underskriven Johan Berge, leiar og Tor Taraldsrud, sekretær.

Vurdering

Forvaltar viser til tidlegare vurderingar der framlegg til innstilling frå sekretariatet har vore avslag. Konklusjonen frå tidlegare vurdering står ved lag. Styret må vurdere om klagane skal takast til fylgje, eller om styret står fast på vedtaket i sak 40/16. Dersom styret står fast ved sitt tidlegare styrevedtak vert saka sendt vidare til Miljødirektoratet for endeleg avgjerd.

Forvaltar bidrog til at vedtaket til nasjonalparkstyret inkluderte dei lovpålagde vurderingane etter naturmangfoldlova sine §§ 8 – 12.

Bakgrunn for saka går fram av saksutgreiinga nedanfor:

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 31.10.2016

Handsaming i møte

Nytt framlegg til vedtak vart lagt fram i møte av Marius Dalin:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre er positiv til søknaden frå DNT Oslo og omegn om å byggje ei ny sjølvbetjeningshytte, men ønskjer å gje SNO oppdrag å utreie konsekvensar av merkinga av stien over Kamperhamrane dei nærmaste tre åra før vi kan tilrå prosjektet. Vi meiner og at prosjektet bør reduserast til 8 sengeplasser.

Framlegget falt med 6 mot 1 stemme (Marius Dalin).

Nytt framlegg til vedtak vart lagt fram i møte av Ivar Kvalen:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre godkjenner, med heimel i verneforskrifta kapittel IV, punkt 1.3, 1. ledd, søknaden frå DNT Oslo og omegn om å bygge ei ny sjølvbetjeningshytte med inntil 12 sengeplassar og tilhøyrande uthus på Sunndalssetra.

Nasjonalparkstyret ser positivt på at det vert etablert ein enkel overnattingsstad i Sunndalen. Det er ein særleg grunn, jf. forskrifta, at ei ny hytte styrker ålmenta si tilgang til området. Etter styret sitt syn er ei DNT-hytte med på å fremje formålet med vernet og opplevinga av naturen som rekreasjonsområde og staden for gode opplevelingar. Med ei enkel overnatningshytte på Sunndalsetra vil Sunndalen og Jostedalsbreen nasjonalpark i større grad kunne opplevast av born og ungdom, der ein kan ta kortare turar i området med Sunndalsetra som utgangspunkt. Ei anna særleg grunn, jf. forskrifta, er at det tidlegare var ei overnatningsplass for ålmenta på setra.

Den nye hytta er tenkt plassert i sørvestre del av stølsvollen og vert liggande skjerma i høve resten av stølsmiljøet (nml § 12). Nasjonalparkstyret ser det som positivt att eit samla grunneigarlag også står søknaden frå DNT.

Eit av momenta for å ikkje gje løyve, jf. nml § 9, er ein at ein kan tenkje seg auka ferdsle austover inn i villreinområda i Raudalen og Skridalaupbu. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre ser det sjølvsagt som ei viktig oppgåve å ivareta villreinen og villreininteressene (nml § 9), og viser til saksutgreiinga for kunnskapsgrunnlaget (nml § 8). Styret vurderer det som lite sannsynleg at ei enkel overnatningshytte på Sunndalsetra vil føre til auka ferdsle (nml 10) inn i villreinområda. Det vil her uansett verte svært lange dagsetappar på over 10 timer. DNT-Oslo og omegn er tiltakshavar for prosjektet (nml §11), og må melde i frå til kulturmyndet dersom det kjem fram spor og gjenstandar, jf. kulturminnelova.

Forslaget frå Ivar Kvalen fekk 6 stemmer, mot 1 stemme (Venke Kollbotn) som støtta forvaltar si innstilling.

Vedtak

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre godkjenner, med heimel i verneforskrifta kapittel IV, punkt 1.3, 1. ledd, søknaden frå DNT Oslo og omegn om å bygge ei ny sjølvbetjeningshytte med inntil 12 sengeplassar og tilhøyrande uthus på Sunndalssetra.

Nasjonalparkstyret ser positivt på at det vert etablert ein enkel overnattingsstad i Sunndalen. Det er ein særleg grunn, jf. forskrifta, at ei ny hytte styrker ålmenta si tilgang til området. Etter styret sitt syn er ei DNT-hytte med på å fremje formålet med vernet og opplevinga av naturen som rekreasjonsområde og staden for gode opplevelingar. Med ei enkel overnatningshytte på

Sunndalsetra vil Sunndalen og Jostedalsbreen nasjonalpark i større grad kunne opplevast av born og ungdom, der ein kan ta kortare turar i området med Sunndalsetra som utgangspunkt. Ei anna særleg grunn, jf. forskrifta, er at det tidlegare var ei overnattingsplass for ålmenta på setra.

Den nye hytta er tenkt plassert i sørvestre del av stølsvollen og vert liggande skjerma i høve resten av stølsmiljøet (nml § 12). Nasjonalparkstyret ser det som positivt att eit samla grunneigarlag også står søknaden frå DNT.

Eit av momenta for å ikkje gje løyve, jf. nml § 9, er ein at ein kan tenkje seg auka ferdsl austover inn i villreinområda i Raudalen og Skridalaupbu. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre ser det sjølv sagt som ei viktig oppgåve å ivareta villreinen og villreininteressene (nml § 9), og viser til saksutgreiinga for kunnskapsgrunnlaget (nml § 8). Styret vurderer det som lite sannsynleg at ei enkel overnattingshytte på Sunndalsetra vil føre til auka ferdsl (nml 10) inn i villreinområda. Det vil her uansett verte svært lange dagsetappar på over 10 timer. DNT-Oslo og omegn er tiltakshavar for prosjektet (nml §11), og må melde i frå til kulturmyndet dersom det kjem fram spor og gjenstandar, jf. kulturminnelova.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Søknad frå DNT Oot v/ Jan Erik Reiten datert den 28.6.2016. Søknaden inneholder også vedlegg av ei skisse, planteikningar, statistikk og kart.
- Høyringsuttale frå Reinheimen-Breheimen villreinutval signert Knut Granum, datert den 7.10.2016
- Høyringsuttale frå Breheimen nasjonalparkstyre datert den 27.9.2016
- Høyringsuttale frå Reinheimen-Breheimen villreinnemnd v/ Tor Taraldsrød, datert den 20.09.2016
- Høyringsuttale frå Skjåk Almenning v/ Jo Trygve Lyngved, datert 5.9.2016
- Synfaring den 6.6.2016 med Jostedalsbreen nasjonalparkstyre, DNT Oot og Sunndalssetra sameige, med tilhøyrande møteprotokoll.
- Høyringsuttale frå Sunndalssetra sameige v/ Sverre Guddal, signert den 16.5.2016
- Notat om DNT-hytte på Sunndalssetra v/ Ingolf Folven, signert den 24.2.2016
- Synfaring med Sogn og Fjordane fylkeskommune, DNT Oot, Stryn kommune og Sunndalssetra sameige den 8.10.2015.
- Vedtakssak 4/14 frå møte i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre den 7.4.2014 om remering av stien over Kamperhamrane.
- Oppsummering av synfaring den 8.10.2015 og notat med signal frå forvaltninga.
- Avgjørelse i klagesak - avslag på søknad om bygging av ny selvbetjent turisthytte på Stølgjerdesætra i Åmotdalen landskapsvernområde, datert 7.3.2016 frå Miljødirektoratet

Saka vert vurdert etter:

- Verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark frå 1991
- Forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark frå 1994
- Naturmangfoldlova
- Rundskriv om forvaltning av verneområder frå 2014

- Foredraget til kongeleg resolusjon av 18.6.1998 om utviding av Jostedalsbreen nasjonalpark.
- Skjøtselsplan for Sunndalen, Erdalen og Bødalen i Stryn kommune.

Søknaden

Søknaden om etablering av ei ny DNT-overnatningsplass på Sunndalsseter er signert DNT Oslo og omegn v/ eideomssjef Jan Erik Reiten, og er datert den 28.6.2016. Etter synfaringa den 6.6.2016 oppmoda Jostedalsbreen nasjonalparkstyre DNT Oot om å sende ein forenkla søknad, slik at styret kunne handsame hyttesaka på formelt vis. Med «forenkla» meinte styret ein søknad med skisser av ei hytte slik den er tenkt, men utan detaljerte arkitekteinningar, geologiske vurderingar, m.m. Slik kan spørsmålet om hytte få ein prinsipiell avklaring utan av DNT Oot i første omgang treng å bruke ressursar på ein omfattande søknad.

Søknaden skisserer opp ei hytte med 12 sengeplassar, inkludert eit eige rom med to sengeplassar i eit eige hunderom. Dette er normalt pr. i dag i DNT-samanheng. I skissa i figur 1 er hytta målt opp til å bli 14.8 m lang x 6.3 m brei, til saman ca 93 m².




Fig. 1: Skissa i søknaden frå DNT Oot om korleis ei hytte på Sunndalsseter kan sjå ut.

Ei typisk sjølvbeteningshytte har overnatningsplassar, kjøkken, proviantlager, vask og tørkerom. Dette vil være ei hytte som kan tilpassast både lokal byggeskikk eller ev byggjast i ein annan stil for å skilje seg frå dei andre bygningane, skriv DNT Oot.

I søknaden står det at omsøkt plassering er fleksibel, så lenge bygga kan plasserast i nærområdet til Sunndalsseter, fordi ein del av attraksjonen er det gamle setremiljøet.

I tillegg til hytta ønskjer DNT Oot eit eige uthus, sjå skisse på figur 2. Uthuset er om lag 15 m² og skal romme to toalett, samt lager av ved og gass. I søknaden skriv dei også at det er krav til sikringsbygg ved overnattingsplassar som ligg avsides til, men ved Sunndalsseter legg dei til grunn av bygningane på setertunet kan nyttast dersom eit slikt behov oppstår.




Fig. 2: Slik ser DNT Oot for seg at uthuset kan sjå ut. Det vil kunne romme ved, gass, søppel og toalett.

DNT Oot ser for seg at ei ny hytte på Sunndalsseter vil kunne brukast av fleire brukergrupper, m.a. folk på dagstur inn Sunndalen, overnattingsbesøk på kortare turar i nærområdet til setra, t.d. Kamperhamrane, og vandrarar på veg til/frå Breheimen. Søkjar har ikkje klåre meininger om kor mange overnattingar dei vil forvente på ei ev hytte på Sunndalsseter. Vedlagt søknaden er også tal frå registrerte overnattingar m.a. frå Skridulaupbu (46 i 2015, 38 i 2014) og Slæom (81 i 2014, 153 i 2015).

DNT Oot skriv at dei har hytte- og ruteplanar der m.a. både rute over Kamperhamrane og ny hytte på Sunndalsseter er ønskja tiltak. Dei ønskjer også å endre rutenettet mellom Sota sæter og Nørdstedalseter, samt å sette opp ei ny hytte langs ruta der. Flytting av Skridulaupbu har også vore nemnt, men søker skriv at dei ikkje har planar om flytting no.




Fig 3: DNT sitt hytte- og rutenett i det aktuelle området.

DNT Oot skriv i søknaden at samfunnet ønsker meir friluftsliv, og at dette også må leggjast til rette for i verneområda. Dei skriv at dei har vore i kontakt med eigaren av den gamle turisthytta på Sunndalssetra, og har ikkje fått til samarbeid om denne.

DNT Oot har tidlegare bedt om signal frå forvaltninga om korleis ein ev hyttesøknad ville bli handsama, noko som resulterte i synfaringa den 8.10.2015 og eit notat i ettertid. Då heile nasjonalparkstyret var på synfaring den 6.6.2016 resulterte dette i ønske om at DNT Oot sendte ein søknad for å avklare saka på formelt vis.

Lovgrunnlag

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er, i forskrifta datert den 25. oktober 1991, omtala slik:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekommstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap

I Jostedalsbreen nasjonalpark er landskapet verna mot alle inngrep, m.a. oppsetjing av bygningar, (...), graving og påfylling av masse, sprenging og boring, (...), bakkeplanering (...) (verneforskrifta § IV, punkt 1.1), men forvalningsstyresmakta kan når særlege grunner ligg føre gje løyve til byggje, ombyggje, utvide eller endre bygningar m.m. som nemnt under pkt 1.2. Bygningane skal vere i tråd med tradisjonell byggjeskikk på staden og tilpassast landskapet i området. Det kan stillast vilkår for løyve som blir gjevne etter punkt 1.3. (verneforskrifta § IV, punkt 1.3).

Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter, utgitt av Miljødirektoratet i 2014, inneholder retningslinjer som er relevant for vurderinga om det kan gis dispensasjon (s. 7, 9 og 10).

Selv om et omsøkt tiltak er innenfor rammen av en spesifisert dispensasjonsbestemmelse må det likevel foretas en selvstendig vurdering av om dispensasjon skal gis. Når forskriftene bruker formuleringer som "kan gi tillatelse til" eller "kan gi dispensasjon til" betyr ikke det at forvaltningsmyndigheten skal gi dispensasjon, men at forvaltningsmyndigheten kan vurdere om en søknad gir grunnlag for å gi dispensasjon. (...) Selv om bestemmelsens ordlyd er det klare utgangspunktet for tolkningen, må dispensasjonsadgangen også vurderes i lys av verneformålet, naturforholdene i det enkelte område mv. I tillegg vil blant annet forarbeider til vernet og forvaltningspraksis være sentrale tolkningsmomenter.

Også forvaltningsmålene for arter og naturtyper i naturmangfoldloven §§ 4 og 5, og de miljørettslige prinsippene i naturmangfoldloven §§ 8 – 12 kan ha betydning for tolkning av bestemmelser i verneforskrifter. Dersom det er tvil om rekkevidden av bestemmelser i en verneforskrift, kan føre-var betraktninger innebære at forskriften bør tolkes innskrenkende.

I foredraget til kongeleg resolusjon frå nasjonalparkutvidinga i 1998 står følgjande omtalt om sel/turlagshytter (s. 5 og 6):

Grunneigarar/rettshavarar om ikkje har sel, vil få løyve til å byggje eitt sel i stølsområde der dei har rettar og der det er sel frå før. Nye bygningar utanfor stølsområde vil ikkje få løyve. (...)

DNT legg til grunn at bygging av turlagshytte innanfor eit stølsområde blir vurdert på same måte som bygging av sel av grunneigarane. DNT går ut i frå at dei merka rutene blir vidareført. (...)*

Bygging av turlagshytter og merking av ruter må handsamast som dispensasjonssaker. DN meiner søknader om bygging av turlagshytter i regelen må vurderast strengare enn saker som gjeld bygging av sel for grunneigarars om ikkje har sel frå før. (...)*

*Den norske turistforening

**Direktoratet for naturforvaltning (noverande Miljødirektoratet)

I forvaltningsplanen for nasjonalparken frå 1994 er turlagshytter omtalt på følgjande måte (side 48 og 49):

Alle turlagshytter og andre hytter opne for ålmenta i Jostedalsbreområdet ligg i brukssonene. Ingen hytter ligg inne på sjølve breplatået. Skålataånet (1840 moh) og Steinmannen (1635 moh, stengt for ålmenta) er dei hyttene som litt høgst og lengst inn mot breen. (...) Mange av turlagshyttene (t.d. Bødalsetra og Vetledalsetra) ligg i stølsområde. At breplatået er fri for hytter er ein føresetnad for å kunne halde på villmarkspreget som breplatået har i dag. Det er difor ikkje aktuelt å gje dispensasjon for bygging av turlagshytter og andre hytter på og like ved breplatået. Vi ser derimot positivt på at turlagshytter vert lokaliserte til stølsområde rundt breen, dersom dette fell inn i eit gjennomtenkt sti- og hyttenett. Med 19 ålment tilgjengelege hytter i tillegg til andre overnattingsstader må ein kunne seie det er gode overnattingshøve i

Jostedalsbreområdet for tilreisande. I tillegg kjem private hytter i tilgrensande område og stølshus i og utanfor nasjonalparken. Pr. i dag er det difor grunnlag for generelt å være restriktiv m.o.t. bygging av nye hytter. Forvaltningsplanen lister opp aktuelle stader, til dømes Flatbrehytta og DNT-hytta på Bødalsseter, som aktuelle stader som vil kunne få løyve av forvaltningsmyndet til ei eventuell utviding. (...) Den Norske Turistforening (DNT) arbeider med å få til avtaler om sjølbeteningshytte på Sunndalssætra (...), slik dei hadde for ein del år tilbake. Vi ser positivt på dette.

I skjøtselsplanen for Sunndalen, Erdalen og Bødalen står det på s. 28 under Friluftsliv: *DNT har vist interesse for å overta eit sel for å gjere det om til ubetjent DNT-hytte. Grunneigarane har så langt vore negative til dette m.a. fordi auka ferdsel kan vere negativt for villreinen.*

Grunneigarane på Sunndalssetra uttalte i samband med saka i 2014 om remering av stien over Kamperhamrane at dei ikkje var like negative til auka ferdsel som på tidspunktet skjøtselsplanen vart skrive i 2001.

Tidlegare forvaltningsmynde, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, v/ Tom Dybwad, har sagt om denne formuleringa i forvaltningsplanen frå 1994 at «*det var aldri snakk om eit heilt nytt bygg på ein heilt ny plass, men å nytte eit eksisterande sel på setra*».

I tråd med naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Miljørettsprinsippa i naturmangfoldlova skal være ein del av vurderinga av om dei rettslege vilkåra for å gi dispensasjon er oppfylt, til dømes at tiltaket “*ikke strider mot vernevedtakets formål*”.

Handsaming

Saka om remering av stien gjennom Rauddalen

I sak 4/14 handsama Jostedalsbreen nasjonalparkstyre ei sak om remering av den gamle stien mellom Sunndalssetra og Ytste Leirvatnet, nær Skridulaupbu. Denne stien går både gjennom Jostedalsbreen og Breheimen nasjonalparkar, og måtte såleis handsamast i begge styra. Breheimen nasjonalparkstyre handsama saka først, og gav løyve til remering av stien på vilkår at dei skal kunne revurdere merkinga etter 5-10 år, dersom bestandsdynamikken til villreinen endrar seg negativt. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjorde då liknande vedtak:

(...) Dersom Breheimen nasjonalparkstyre vurderer at tiltaket har negativ påverknad på villreinen i området om 5-10 år og ønsker å revurdere om ruta framleis skal vere merka, vil Jostedalsbreen nasjonalparkstyre kunne trekke dette løvet tilbake. (...)

I remering-saka vart det innhenta mange uttaler, m.a. frå Ottadalen villreinnemnd:

Ferdselsvegen gjennom Sunndalen frå Stryn til Skjåk går gjennom barmarksbeitet til villrein i den vestre delen og heilårsbeite for villrein i den austre delen. Både på aust- og vestsida av Ytste Leirvatnet er det viktige trekkområder. Auka ferdsel i dette området kan ha negative konsekvensar for villrein. DNT-stigen mellom Grotli – Skridulaupbu – Slæom går på delar av traseen. Det går ein stig på heile traseen, men den er nok lite brukt. Det er store avstandar i området noko som naturleg avgrensar bruken. Slik sett er det kanskje lite truleg at

ferdselen vil auke til eit uakseptabelt nivå. Dette kan fort endra seg dersom det etablerast nye overnattingsbuer i tilknyting til ferdselsvegen. Villreinnemnda er positive til at den gamle ferdselsvegen blir gjort kjent, men ynskjer lite tilrettelegging og inngrep i dette området. Tidsavgrensing på bruk/marknadsføring av stig; berre juli, august og september. Det er ikkje ynskjeleg med auka ferdsel på DNT-stigen mellom Sunndal og Skridulaupbu/ Slæom. Stigen går gjennom viktige trekkområder for villrein. Dette er eit sentralt område for villrein og blir brukt regelmessig i sumarhalvåret. Sørveststammen har låg produktivitet. Auka ferdsel i dette området vil føre til fleire møte mellom villrein og menneske og dermed auka energibruk hos villrein. Den beiter mykje i dalbotnen i dette området i same området som DNT-stigen er etablert. Bratte dalsider og høge fjell rundt gjer dalbotn spesielt verdifull i dette området. Det er tilrettelagt for skikøyring og langrennsløyper i tilknyting til Tystigbreen. I området sør for Grotli er det mange hytter, skiløyper og turløyper. I og med at arealbruken i desse områda er sterkt påverka av menneskeleg aktivitet er det viktig å skjerme andre delar av leveområdet til villrein på sørvestområdet.

Ottadalen villreinutval uttalte i same sak:

Ottadalen villreinutvalget ønsker tidsbegrenset (fra og med juni til og med september) bruk og markedsføring av re-merket sti gjennom Rauddalen mv. Villreinutvalget forutsetter videre at ingen nye hytter blir oppført i forbindelse med stien.

Ny hytte på Sunndalsseter, prosessen fram til no

På tidlegare turar, synfaringar og møte har spørsmålet om ein overnattingsplass for ålmenta på Sunndalssetra vore diskutert. Følgjande har vore omsnakka:

- Bygget som fungerte som DNT-hytte på 1940 og -50-talet har vore mykje i fokus. Den står i utkanten av stølsmiljøet (fig. 7), og har seks soverom i tillegg til stove og kjøkken. Den er i privat eige, og eigaren ønskjer ikkje å leige den ut. Den er i dårleg stand, og treng omfattande vedlikehald.
- Det har vore diskutert å kunne nytte gamle, eksisterande sel-/fjøsmurer på stølsvollen for å sette eit nytt bygg oppå. Kulturminnerådgjevar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune var midlertidig klar på at nye bygg oppå gamle hustufter ikkje var å tilrå. Gamle hustufter er kulturminne og vitnar om tidlegare tiders bruk av natur og kulturmark. I den nye vegleiaren frå Riksantikvaren/ Miljødirektoratet om kulturminne i verneområde vert oppsetting av nye bygg oppå gamle hustufter også rådd i frå (fig. 6).
- Eit alternativ som var diskutert i forvaltnings- og skjøtselsplanen var å nytte eit av dei eksisterande sela som står på setrevollen (døme fig. 5). Då vil det bli stilt vilkår om at selet blir restaurert på antikvarisk vis, og i tråd med byggeskikken på staden. Det kan ev kombinerast med å nytte fjøsen (fig. 4) som lagerbygg (utan endringar på fasaden). Fordi Skridulaupbu har fire sengeplasser ville eit DNT-sel på Sunndalssetra med like mange sengeplassar ikkje medføre ei vesentleg auke i overnattingskapasiteten langs ruta Sunndalen-Skjåk. DNT Oot vurderer at eit eksisterande sel blir for lite for deira behov.
- På ei synfaring kom det forslag om plassering for eit eventuelt nytt bygg. Bak stølsvollen mot sørvest sto seg som ein mogeleg plassering, etter forslag frå Sunndalssætra sameige.

- Tidlegare har eigaren av det gamle laftebygget (fig. 8 og 9) på Sunndal gard, utanfor nasjonalparken, tilbydt dette som ein potensiell stad for å lage ei utstilling om historia og landskapet i dalen. Forvaltar har lufta ideen både for DNT Oot, styret og sameiget om dette bygget som eit alternativ verdt å vurdere som overnatningsplass for DNT. Det vil då være utanfor vernegrensa, lettare tilgjengeleg for fleire brukergrupper med omsyn til universell utforming, og framleis like aktuell å nyte for dagsturar i Sunndalen.

Utfordringa der er at det historisk har vore fleire store snøskred i området.



Fig. 4 og 5: Stølsvollen på Sunndalssetra.



Fig. 6 og 7: Gamle tufter og den gamle overnattingsplassen frå 1940-talet.



Fig. 8 og 9: Bygning på Sunndal gard, som ligg utanfor verneområdet, har potensial for m.a. universell tilrettelegging.

I ei kunnskapsbasert forvaltning er det viktig å utreie ei kompleks sak som denne på eit breitt grunnlag. I alle saker der villrein kan bli påverka er det rutine å få uttaler frå villreininteressene (nml § 8).

Sunndalssætra sameige er positive til bygging av ei DNT-hytte på setra, og stiller areal til disposisjon for ev nybygging. Dei har vore involvert i prosessen i lang tid. I protokoll datert 16.5.2016 og signert leiar Sverre Guddal, uttaler sameiget:

Sunndalssætra sameige er positive til at DNT/OOT får etablere hytte med inntil 12 sengeplassar. Det vert oppretta festeavtale mellom Sameiget og DNT/OOT.

Detaljutforming av hytte og uthus må skje i samråd mellom nasjonalparkstyre, kommune og sameige. Moment som har vore oppe i diskusjonen: Ei hytte vil vere til stor glede/hytte for folk i lokalmiljøet (Stryn, Oppstryn). Sætreeigarar som i dag ikkje har sætrehus, vil kunne nytte sætra på ein ny måte, utan å byggje seg nytt sætrehus.

Dei gamle sela har få sengeplassar. Det vert no enklare å ha med familie, barn og barnebarn, då ein kan nytte turisthytta og dermed ha auka overnattingskapasitet.

Ein vil redusere presset på/ønskje om å utvide/byggje på eksisterande sætrehus.

Sunndalssætra er eit fint utgangspunkt for barnevenlege turar i nærområdet.

Dei fleste turalternativa med utgangspunkt Sunndalssætra er utan konflikt med andre brukarinteresser. Eksempel: Stillevatnet, Sognskaret, Tverrelvskaret, Kamperhamrane. Eller for dei som ønskjer større utfordringar: Nuken/Tystigbreen, Sognskarbreen/Svartefjellet/Vetledalen, eller over breen til Slæom eller Jostedalen.

Breheimen nasjonalparkstyre vedtok følgjande uttale om DNT-hytte på Sunndalsseter, jf saksprotokoll frå møte den 27.9.2016:

Ut ifrå den stutte perioda etter remerkninga i fjar (år 2015) er det vanskeleg å seie noko om erfaringa med ferdsla gjennom Rauddalen frå Skridulaupbu – Sunndalssetra, og verknad denne har på villreinen. Med bakgrunn i vedtak i sak 58/2013 frå Breheimen nasjonalparkstyre skal nasjonalparkstyret vurdere saka i år 2019. Ei ny turisthytte på Sunndalssetra vil ikkje føre til mindre ferdsel. Spørsmålet er kor mykje ferdsla aukar. Om trafikken aukar merkbart i området i prøveperioden må ein vurdere traseen på nytt.

Med dette som bakgrunn meiner Breheimen nasjonalparkstyre at Jostedalsbreen Nasjonalparkstyre bør avvente med å gje DNT Oslo & Omegn løyve til bygging av ny turisthytte på Sunndalssetra.

Fem representantar stemte for innstillinga medan ein representant stemte mot.

Merknad frå representanten Jon Olav Kvamme: Ny hytte vil bli brukt for turar i nærområdet. DNT har disponert ei hytte på setra, men grunneigar vil no ikkje forlenge avtala. Området på Sunndalssetra er eit populært utfartsområde, spesielt no når stien opp Kamperhamrane er opprusta. Eg har snakka med lokalkjende som meinat svært få går turen til Skridulaupbu sidan det er ein 10 timars-tur og lite aktuell på våren og først på sommaren då reinen er mest sårbar. Utfrå denne vurderinga er eg positiv til at DNT får bygge den omsøkte hytta på Sunndalssetra.

Breheimen-Reinheimen villreinnemnd vedtok i sak nr 18/6 – 2016, og oversendt den 20.9.16 følgjande:

Det er ikkje ynskjeleg å gi DNT Oslo- og Omegn løyve til å bygge ny hytte på Sunndalsseter. Det vil truleg føre til auka ferdsel på DNT-stigen til Skridulaupbu / Slæom og vere negativt for villrein. Dersom Sunndalsseter likevel blir utbygd til DNT-hytte må det bli sett restriksjonar på marknadsføring av rute over til Skridulaupbu/ Slæom. Villreinnemnda set som ein klar føresetnad at Skridulaupbu ikkje blir fløtt vestover. Ein annan føresetnad er at Skridulaupbu ikkje blir utvida til meir enn fire sengeplassar.

Styret i Skjåk Almenning v/almenningsstyrar Jo Trygve Lyngved, signert 5.9.2016, sendte følgjande uttale om saka:

I 2013 søkte DNT om å få merke den gamle ferdelsvegen mellom Skjåk og Stryn gjennom Raudalen og Sunndalen. Skjåk Almenning gav den gongen ei uttale på dette, og frå vår side vart merking av stigen frå Øyren i Raudalen til Merradalsbotn godkjent under tvil. Årsaken til tvilen var omsynet til villreinen. Det er godt kjent at området vest for Raudalsvatnet er viktig for villreinstamma som held til her. Denne delen av villreinområdet, også kalla Skjåk sør-vest, er det minste og mest sårbar av områda i Reinheimen-Breheimen Villreinområde – eit avgrensa område med lita stamme, sparsommelege vinterbeite og med Raudalen som «deler» området meir eller mindre i to. Området vest for Raudalsvatnet fungerer som trekkpassasje mellom dei sørlege og nordlege delane av området og Raudalen blir mykje brukt til beite, særleg om sommaren og hausten. Dalbotn der råket går er relativt smal og bratt på både sider, og reinen har lett for å bruke dalbotn både under trekk og beiting.

I 2013 var det lite ferdsel i Raudalen, og ferdelsen var mest truleg til lita sjenanse for villreinen. Ved remering og retta marknadsføring med påfølgjande respons, var Skjåk Almenning redd for at aktiviteten i dalen skulle bli markant større. I kor stor grad dette har skjedd er usikkert. Den store auka i trafikk har det nok ikkje vore enda, men remeringa er av relativt nyleg art. Med dette som bakgrunn vart det også sett krav om å evaluere stigen etter nokre år.

Med etablering av overnattingskapasitet og tilrettelegging på Sunndalsseter vil ein høgst sannsynleg få større aktivitet og ferdsel i områda mellom Raudalsvatnet og Sunndalssetra. Med remering av stig gjennom Raudalen og ei etablering på Sunndalsseter, vil dette vera ei tilrettelegging som skjer steg for steg, og påverknaden på området vil auke gradvis. Raudalen er av dei mest urørte og lite brukte plassane i Skjåk, og det er lite ynskjeleg å leggje til rette for auka aktivitet der. Villreinen er og blir viktig for området, og Raudalen med sitt beite og funksjon som trekkpassasje er av avgjerande for desse dyra. Vi meiner forvaltninga av området skal vera føre var, og vi fryktar at den samla belastninga over tid kan bli for stor. Med dette som bakgrunn til vi ikkje tilråde at det blir etablert overnattingskapasitet på Sunndalssetra i form av ei DNT-hytte.

Breheimen-Reinheimen villreinutval uttaler i brev, signert sekretær Knut Granum, og datert den 3.10.2016:

Ved etablering av ny DNT-hytte på Sunndalsseter, samt remering og markedsføring av sti østover mot Raudalen i Skjåk, vil en trolig få større aktivitet og ferdsel i dette viktige området for villreinen. Raudalen er av de mest urørte og minst besøkte områdene i Skjåk – og et mye brukt beiteområde for denne sårbare villreinstammen i grenseområdene mellom Skjåk og Stryn. Villreinen er for øvrig et viktig verneobjekt i Breheimen verneområde. Reinheimen-Breheimen

villreinutvalg ønsker derfor at DNT Oslo- og Omegn ikke får løyve til å bygge ny hytte på Sunndalsseter.

Breheimen nasjonalpark har ivaretaking av leveområdet til villrein som eitt av verneføremåla. I området frå øvst i Kamperhamrane, Merradalsbotn – Ytste Leirvatnet (fig. 5) er det både leveområde, beiteområde og trekkevegar for villrein (data henta frå naturbase, jf. nml § 8). Villrein er ein art av nasjonal forvaltningsinteresse, og Sunndalssetra grenser til Ottadalen villreinområde.




Fig. 5: Utklypp av området Jostedalsbreen – Breheimen over Rauddalen. Det skraverte området (alt unnameke dalbotn i Sunndalen) syner Ottadalen villreinområde. Villrein har forvaltningskategori som «art av særleg stor forvaltningsinteresse». Den blå prikken i vest er Sunndalssetra og den blå prikken i aust er Skridulaupbu. Den lilla vertikale linja viser grensa mellom Jostedalsbreen og Breheimen nasjonalparkar. Dei svarte strekane viser trekkruter for villreinen, og dei grå kvadratane er punktregistreringar av villrein. Kjelde: Naturbase

Forvaltningspraksis frå andre stader tyder på ein streng handsaming av byggesaker.

Kristiansund og Nordmøre turistforening (KNT) søkte i 2011 om dispensasjon til bruksendring, renovering og tilbygg til ei løe på Stølgjerdesætra i Åmotdalen landskapsvernområde, for å gjøre om løa til ei ny sjølbetjeningshytte med 9 senger. Dovrefjell nasjonalparkstyre handsama saka, og kom fram til at det ikkje var grunnlag for dispensasjon frå verneforskrifta. Då KNT klaga på vedtaket og styret opprettholdt vedtaket, stadfestaa Miljødirektoratet styret sitt vedtak. Frå endeleg vedtak datert 7.3.2016:

Direktoratet tar ikke klagen til følge og avslag på søknad om bygging av ny selvbetjent turisthytte på Stølgjerdesætra opprettholdes. Tiltaket strider med formålet i Åmotdalen landskapsvernområde om å ta vare på særpreget i kulturlandskapet, hvor seterbebyggelse utgjør en vesentlig del av landskapets egenart. Det legges også vekt på at hytta befinner seg i nærhet til nasjonalpark, og at den strider med verneformålene om å ta vare på leveområdet til villreinstammen i bl.a Snøhetta og formålet om å ta vare på et stort og i det vesentlige urørt fjellområde. Terskelen for å gi dispensasjon etter naturmangfoldloven § 48 første ledd første alternativ skal etter forarbeidene være høy.

Vurdering

På tida då forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark vart skriven i 1994 var villreinen ikkje like pressa som den er i dag. Då Breheimen nasjonalpark vart oppretta i 2009 var eit av føremåla å ta vare på villreinens leveområde. Ut i frå kunnskapen vi har no om villreinen er Rauddalen og området rundt eit av dei få «friområda» den har igjen i Ottadalen villreinområde, nettopp fordi tilrettelegginga er låg. Å ta vare på dyreliv er også eit av verneføremåla for Jostedalsbreen nasjonalpark. Ottadalen villreinområde går også inn i Jostedalsbreen nasjonalpark (sjå det skraverte området i fig. 5).

Høyningsuttalene frå både Skjåk Almenning, Breheimen-Reinheimen villreinutval og frå Breheimen-Reinheimen villreinnemnd viser stor skepsis til hytteplanane til DNT Oslo og omegn. Uttala frå remerke-saka var også i stor grad at dei godkjente remeringa av stien på vilkår at det ikkje blei oppført nye overnattingssstader langs ruta. Forvaltar meiner at disse uttalene skal leggjast stor vekt på.




Fig. 6: Oversiktskart med omtalte objekt innsirkla. Kjelde: Fylkesatlas

Spørsmålet der merkinga av stien mellom Sunndalssetra og Skridulaupbu (sjå raud stipla linje på fig. 6) kan bli fjerna igjen tilseier ein føre-var haldning i forhold til ei ny hytte. Fem til ti år etter vedtaket (frå 2014) kan altså nasjonalparkstyra for både Breheimen og Jostedalsbreen, altså potensielt fram som til 2024, trekke tilbake løyvet til stimerkinga gjennom Rauddalen. Breheimen nasjonalparkstyre meiner at Jostedalsbreen nasjonalparkstyre bør avvante heile hyttesaka av den grunn. Forvaltar for Jostedalsbreen vurderer likevel det er ryddig at DNT Oot får handsama saka si ne.

Nasjonalparkforvaltaren deler Breheimen nasjonalparkstyre si vurdering om at ei nybygget hytte av denne storleiken, i tillegg til den allereie remarka stien, vil føre til meir ferdsel gjennom Rauddalen, sjølv om både Sunndalssetra sameige og DNT Oot legg vekt på hytta som eit mål/utgangspunkt for dagsturer på Stryne-sida. Ei ny hytte av denne storleiken vil føre til meir tilgjengeleggjering av eit tidlegare ganske utilgjengeleg område. Remeringa av stien kan fjernast att om 5-10 år, men to hyttebygg i eit kulturlandskap er eit meir irreversibelt inngrep. Vil

då den samla belastinga (nml § 10) bli for stor for villreinen, og føre til vesentleg skade på naturmangfaldet (nml § 9)?

Naturmangfoldlova si § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar, samt nml § 11 vert ikkje relevant i saka då framlegg til vedtak er avslag på søknaden. Forvaltar vurderer at det føreligg tilstrekkeleg kunnskap om at villreinen er sårbar for menneskeleg ferdsel og at Rauddalen er viktig for villreinens sommarbeite og trekk, og at føre-var prinsippet (nml § 9) kan komme til nytte fordi vi ikkje har vitskapelege resultat av ferdseleffekten på villreinstamma i framtida.

I forskrifa for Jostedalsbreen nasjonalpark står det at landskapet er verna mot alle inngrep. Det er svært sjeldan at nye bygningar vert oppsett i nasjonalparkar, og då skal særlege grunner ligge føre. Sikringshytte på Skåla vart vurdert som eit særleg tilfelle, då det både gjaldt å ta vare på eit kulturminne (tårnet), samt tryggleik og lovpålagte krav m.o.t. sikring for besökande i tilfelle brann, gassutslepp, og liknande.

Føremålet med vernet er å gje høve til naturoppleveling gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging. Ålmenta har i dag god tilgang til nasjonalparken, Sunndalen og Sunndalssetra, og det er ikkje naudsynt med ei overnatningshytte for å ivareta dette verneføremålet.

Nasjonalparkstyret ønskjer å halde motorferdsel i Jostedalsbreen nasjonalpark på eit minimumsnivå. Bygging og drift av eit ny sjølvbetjeningshytte i verneområdet vil generere markant meir helikoptertrafikk i dalen, vil auke den samla belastinga av motorisert ferdsle (nml § 10), som i dag er låg. Det er også eit dalføre som har hatt registreringar av sårbare arter.

Bygging av ein ny, stor hytte med 12 sengeplassar og eit uthus vil kunne skape uheldig presedens, ikkje berre for Jostedalsbreen nasjonalpark, men også for andre verneområde i landet. Det er potensielt mange stader som DNT eller andre organisasjonar kunne tenke seg ei hytte. DNT Oot har ønskje om utviding og flytting av Skridulaupbu, og ei ny hytte ved Illvatnet, som to konkrete døme i nærområdet. Føremålet med prosjektet er godt; friluftsliv og høvet for fleire å komme seg ut i natur- og kulturlandskap. Det er allereie mange hytter som er ålement tilgjengelege for overnatting i nasjonalparken, og det er gode høve til å drive friluftsliv.

Saka frå Stølsgjerdesetra i Dovrefjell-Sunndalsfjella viser at det er omsynet til verneføremålet som veger tyngst. Sunndalssetra er i ein nasjonalpark, eit «tyngre» vern enn Åmotdalen, som er eit landskapsvernområde. I tillegg sökte KNT om ombygging og utviding av eit eksisterande sel, mens i vår sak er det snakk om to heilt nye bygg og 12 sengeplassar.

Forvaltar vurderer at to nye bygg ikkje nødvendigvis ville forringe kulturlandskapet dersom dei vert bygd lågmælt og i stil med resten av stølsvollen. Men i foredraget til kongeleg resolusjon frå 1998 står det at *bygging av turlagshytter i regelen må vurderast strengare enn saker som gjeld bygging av sel for grunneigarane som ikkje har sel frå før (...)*. På Sunndalssetra finst det alternativ, og forvaltar ser heller ingen særlege grunner til å omgå verneforskrifta sitt forbod mot oppsetting av bygningar. Det er ikkje ein særleg grunn at det er fint å gå dagsturar frå setra. Når det berre er ein halv times rask gange frå parkeringsplassen ved Sunndal gard og til Sunndalssetra er området like greitt tilgjengeleg for dagsturar utan å trenge overnatting. Det er heller ikkje ein særleg grunn at det var ein overnattingsplass der frå 1945 og nokre tiår utover. Nasjonalparkforvaltaren ser likevel at DNT Oslo og omegn har mogelegheiter for å lage alternative løysingar, slik som det er opna for i den gamle forvaltningsplanen.